



Alver kommune  
Sendt til:  
post@alver.kommune.no

Vår referanse:  
64849502/2380863

Ansvarlig advokat:  
Stig J. Harris

Dato:  
12. mai 2022

## **KLAGE PÅ REGULERINGSPLAN FV. 57 GANG- OG SYKKELVEG LINDÅS TETTSTAD – MONGSTAD, PLANID 1263 201407**

### **1. Innleiing**

Harris Advokatfirma AS bistår Olav Kåre Tykhelle i samband med detaljregulering av Fv. 57 gang- og sykkelveg Lindås tettstad – Mongstad som får konsekvensar for hans eigedom med gnr. 118 bnr. 1.

Alver kommunestyre handsama framlegg til reguleringsplan den 07.04.2022 og gjorde følgjande vedtak:

*«Alver kommunestyre godkjenner framlegg til reguleringsplan for Fv. 57 med gang og sykkelveg Lindås tettstad – Mongstad, Planid. 1263 201407, som vist på plankart sist datert 20.8.21 og med føresegner av revisjonsdato 20.8.21.»*

På vegne av Olav Kåre Tykhelle klager vi på vedtaket. Planen tek ikkje tilstrekkeleg omsyn til mulig landbruksdrift på gnr. 118 bnr. 1 og må endrast. Tykhelle har sendt inn merknad til planen. Denne merknaden har han halde på ved den kommunale handsaminga og krev at planvedtaket vert endra slik at dei merknadane han har fremja vert imøtekomme. Ved handsaming av klaga må det etter dette stillast krav om detaljregulering av kjørbare undergang som sikrar tilkomst til landbruksarealet på begge sider av fv. 57. I tillegg må regulert tilkomst til Mongstadvegen 174 og 178 leggast om.

Klagefristen er satt til 14.05.2022. Klaga er dermed rettidig.

### **2. Historikk**

Olav Kåre Tykhelle eig gnr. 118 bnr. 1 på Tjukhetla og har vel 50 års erfaring med drift av garden på ulikt vis. Garden blir delt av Fv. 57 med hus og driftsbygning på vestsida og dyrka mark, utmark og skog på austsida. Alle dei tre gardsbruka på Tjukhetla (med gnr. 118 bnr. 1-2 og 3) er stort sett delt på denne måten.


Gardskartet under viser fordeling av landbruksarealet til Tykhelle:

---

**Harris Advokatfirma AS**  
Dreggsallmenningen 10/12  
5003 Bergen  
NO 921 027 583 MVA

Postboks 4115 Sandviken  
5835 Bergen  
Tlf.: 55 30 27 00

Den norske advokatforening  
Globaladvocaten  
Advocatia



Slik vegen var før oppgradering på 1970-talet var det ingen problem med normal gardsdrift. Flytting av dyr og maskiner mellom aust- og vestsida av vegen var ingen problem. Talet på bilar og hastigheita var sjølvsagt mykje mindre, og der Tykhelle hadde behov for kryssing av vegen var det rimeleg god oversikt begge vegar.


Etter bygging av ny veg på 1970-talet vart situasjonen ein heilt anna. Korkje Tykhelle eller andre i området kunne nytta landbruksarealet på austsida av vegen til beiteland, og det vart kraftige begrensingar og utfordringar med å kryssa veg for nødvendig tilkomst til eigedomane på austsida.

Under prosessen med ny veg, som vart ei hastesak grunna utbygging på Mongstad, var det foreslått undergang mellom aust og vest, samt å samle avkøyringar. Noko av dette kom med på planteikningar, men vart ikkje opparbeida, og det som vart etablert var ei dårleg løysing for Tykhelle.

Når det no vert laga nye planar for vegen, så må kommunen planlegge for framtidretta bruk for alle dei som skal bruke vegen. Dei som bur på Tjukhetla, og kryssar vegen hyppig både til fots og med maskiner, har krav på ei vurdering av deira trafiktryggleik i planarbeidet. Vi kan ikkje sjå at dette er tilstrekkeleg vurdert.

### 3. Landbruksundergang vil sikre trygg overgang for fotgjengarar og dyr

Gnr. 118 bnr. 1 er vist på plankart nr. 3, slik:



Det er ikkje planlagt for kryssing for mjuke trafikantar frå nord mot sør i området eller for landbruksmaskiner og dyr. Det er høg fart i området og dårleg sikt både mot aust og vest, som vist på bileta under:





Som vist til i planomtalen har vegstrekningen låg vegstandard og mange trafikkulykker.

Vidare er det lagt til grunn i planomtalen på side 6 at «[f]øremålet med planarbeidet er å fastleggje plassering og utforming av køyreveg, kryssingar, gang- og sykkelveg og samstundes sikre areal til gjennomføring av prosjektet.»

Og vidare på side 45:

«Det er i planarbeidet lagt vekt på å finne gode og sikre løysingar slik at alle trafikantgrupper vert utsett for minst mogleg risiko i det ferdig utbygde vegsystemet. Utforming og dimensjonering er gjort i samsvar med Statens vegvesen sine handbøker. Det er lagt vekt på å finne løysingar som tilfredsstillar krav til utforming og nye løysingar som betrar tilbodet til mjuke trafikantar.»

Planen legg opp til mange gode og sikre løysingar langs vegstrekket, som betrar tilbodet blant anna for mjuke trafikantar. Men det er ikkje teke omsyn til mjuke trafikantar langs heile strekket. På Tjukhetla er det til dømes ikkje lagt opp til planfri kryssing, eller kryssing i heile teke, for verken mjuke trafikantar eller vidare landbruksdrift. Skal ein ta buss mot Lindås, vil ein måtte krysse vegen på eit punkt med dårlig sikt både mot aust og vest, som vist på bileta over.

Dette er ikkje ei god nok løysing når ein no skal planlegge for framtida.

Vidare er det utarbeida ei ROS-analyse for planarbeidet, datert 02.12.2019. På side 14 står det følgjande:

Pkt. 63, 64, 65 Trafikkulukker på veg, avkøyrslar, farleg gods: Planforslaget legg til rette for sanering av avkøyrslar og langsgåande gang- og sykkelveg. Det vert oppretthalde nokre avkøyrslar. Avkøyrslene medfører kryssing av motgåande køyrefelt. Nybygd vil fv. 57 verta skilta med 80km/t og 60 km/t ved Lauvås. Møteulukker i 80 km/t har statistisk sett svært alvorleg utfall for liv og helse. Alvorlege trafikkulukker medfører store kostnader knytt til tapt liv og uførheit.


Når nybygd fv. 57 vert skilta med 80 km/t her, mot 70 km/t i dag, vil det vere fare for alvorlege trafikkulykker som kan medføre store kostnader knytt til tapt liv og uførheit slik analysen viser til. Vi kan ikkje sjå at trafikktryggleiken ved Tjukhetla har vore vurdert i ROS-analysen.

På bakgrunn av føremålet med planen og med grunnlag i manglande detaljregulering av overgang for mjuke trafikantar og landbruksdrift på Tjukhetla, gjer vi gjeldande at det må planleggast for ei trafikkikker løysing som både tek omsyn til framtidig landbruksverksemd på Tjukhella og fotgjengarar i området. Fortrinnsvis må det regulerast inn landbruksundergang.

#### **4. Regulert tilkomst til nabo inneber at garasjen til Tykhelle må rivast**

Første planforslag viste ei avkøyring sør for Tykhelle sin garasje, vist som bygning med nr. 61300 på kartet under, fram mot bustad på Monstadvegen 174 og 178.

# Harris



Tykhelle hadde innspel og foreslo at vegen vart lagt parallelt med fv og inn opp langs eigedomsgrensa mot gbnr. 118/2. Med grunnlag i dette vart det gjort endring i planforslaget. Men i staden for å ta merknad til Tykhelle til følge, valgte fylkeskommunen å legge vegen enda lengre mot nord enn først foreslått, og då slik at Tykhelle sin garasje må rivast for å opparbeide veg fram til Mongstadvegen 174 og 178 som vist på kartet under:



Tykhelle meiner at vegen til Mongstadvegen 174 og 178 må opparbeidast parallelt med fv. 57 slik som på motsatt side av vegen, til Mongstadvegen 142.



## 5. Avslutning

Basert på punkta over ber vi Alver kommune om å gjere om vedtak datert 07.04.2022, i sak 038/22, jf. forvaltningslova (fvl) § 33 andre ledd.

Det må krevjast undergang og endra tilkomst til Mongstadvegen 174 og 178, samt at tiltaka må sikrast gjennomført.

Vi vil om nødvendig supplere klaga før den skal til handsaming. Vidare ber vi om å bli halde orientert om vidare saksgang.

Med vennlig hilsen  
Harris Advokatfirma AS

Stig J. Harris  
Advokat  
sjh@harris.no  
920 56 164